



**Vi har før berømna entreprenør Opedal for rask innsats langs riksvegen gjennom bygda. No fortener firmaet - og også oppdragsgjeveren vegvesenet - ros att.**

Denne gongen gjeld det skadane som vart anretta på autovernet i den skarpaste svingen på Ljosnes då ein bil rasa utfor vegen sundag.

Torsdag var Opedal-karane i fullt arbeid med å skifta ut autovernet, som brutalt vart flytte ut mot vegkanten då det smalt.

- Dei fortener godord for god og rask jobb, seier også oppsittarar på staden.

(Foto: Ola Matti Mathisen)